



Arkivnr: 2014/18649-2

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Jostein Aksdal

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|----------|
| Kultur- og ressursutvalet Fylkesutvalet | | |

Nye retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringer og gjennomføring av undersøkelseplikten i henhold til kulturminneloven § 9, jf. kulturminneloven § 10. Fråsegn.

Samandrag

Saka gjeld høyring av nye retningsliner for budsjettering av arkeologiske registreringar og gjennomføring av undersøkingsplikta, sendt ut av Riksantikvaren med frist 15.10.14.

Retningslinene etablerer nasjonal standard for arkeologiske undersøkingar, jf. kulturminneloven §§ 9 og 10 i kulturminneloven, og skal gjelde for alle fylkeskommunar. I høyringsframlegget definerer Riksantikvaren innhaldet i ei arkeologisk undersøking, kostnader og kva arbeidsoppgåver som kan heimlast i kulturminneloven § 10. Registreringane vert delt i små og store undersøkingar, og grensa ligg på 300 timer. Delinga inneber ulike krav til budsjettering og planlegging av små og store tiltak.

Etter fylkesrådmannen si vurdering har Hordaland fylkeskommune etablert ein praksis som ligg tett opp til høyringsforslaget frå Riksantikvaren og retningslinene inneber difor mindre vesentlege endringar. Hordaland fylkeskommune vert tilført meir arbeid i planlegginga av store tiltak, men retningslinene får ikkje vesentlege konsekvensar for kostnaden som dei fleste kommunar og tiltakshavarar skal betale i arealplansaker.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at arkeologiske registreringar skal bidra til effektiv og førutseieleg handsaming av arealplanar og godt kulturminnevern til beste for heile Hordaland.
2. Nye retningsliner er i hovudsak i tråd med Hordaland fylkeskommune sin etablerte praksis, og fylkesutvalet sluttar seg til framleggget.
3. Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunen som delegert kulturminnemynde sjølv må ta stilling til omfang og bruk av faglege metodar i registrering i kvar enkelt sak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframleggget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.09.2014

Høyring

Framlegg til retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registeringer og gjennomføring av undersøkingsplikten i henhold til kulturminneloven § 9, jf. Kulturminneloven § 10 er sendt på høyring til alle fylkeskommunar med frist til 15.10.2014. Høyringa skal handsamast av fylkesutvalet, og Riksantikvaren er varsle om at møteboka vert ettersendt når vedtak i saka er gjort.

Bakgrunn

I samband med omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990, fekk fylkeskommunane 1. linjeansvar for forvalting av automatisk freda kulturminne, inkludert gjennomføring av kulturminneregistreringar i plansaker, jf. plan- og bygningsloven.

Gjennom arkeologisk registrering i arealplansaker, jf § 9 i kulturminneloven, skal fylkeskommunen undersøke om eit areal har kjende eller ukjende automatisk freda kulturminne og ta stilling til planen sin verknad på desse kulturminna (undersøkelsesplikta). Registreringane skal gjerast på reguleringsplan/områdeplan, men kan dersom tiltakshavarane ber om det også gjennomførast i større kommunedelplanar. Avgjerd om eit planareal skal registrerast vert teke på grunnlag av fagleg vurdering, kjennskap til området og synfaring. Etterfølgjande registrering vert gjort i ei heilskapeleg vurdering av arealet; og er gjerne understøttet med avgrensa sjakting eller flateavdekking (gravemaskin), eller med mindre prøvestikk (spade). Det kan også nyttast andre metodar, men dette er foreløpig ikkje prøvd ut i Hordaland. Det er fast tilsette arkeologar i fylkeskommunen som utfører desse oppgåvene.

I Hordaland ber fylkeskommunen alle kostnadene for synfaringar, medan tiltakshavarane betaler for registrering, jf kulturminneloven § 10. Årleg gjennomfører Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering i omlag 60 saker. Talet på synfaringar er vesentleg høgare. Timesatsen for arkeologisk registrering i Hordaland vart sist justert etter vedtak i fylkestinget 10.12.13, jf sak 62/13 Årsbudsjett 2014. Gjeldande sats vart sett til kr 700,-/t. Førre revisjon var i 2002, jf sak 363/02 i fylkesutvalet. Då vart satsen sett til kr 550,-/t

Tabell 1: Hordaland. Oversikt over kostnader knytt til arkeologiske undersøkingar heimla i § 9 i kulturminneloven. (Kjelde: KOSTRA, KOmmunal SStatistikk og Rapportering).

| | |
|------|-----------------|
| 2013 | Kr. 7.023.418,- |
| 2012 | Kr. 1.865.482,- |
| 2011 | Kr. 2.386.840,- |

Tala gjeld berre arealplanar. Konsesjonssøknader og dispensasjonssaker er ikkje teke inn i oversynet. Frå 2013 er og kostnader til gravemaskin fakturerert via fylkeskommunen, og dette er forklaringa på kostnadsauken frå 2012.

Behov for nasjonal samordning

Sjølv om delegeringa av oppgåver til regionale styresmakter vart gjort i 1990, har det ikkje vore etablert felles nasjonale ordningar for utøving av denne delen av forvaltingsansvaret. Dette har skapt ein praksis der kostnader og omfang av arkeologiske undersøkingar i stor grad har vore definert etter ulike regionale behov og dermed har fått ulikt omfang i fylkeskommunane.

Talet på arealplansaker i norske kommunar har auka sidan 1990, og talet på arkeologiske registreringar, jf. kulturminneloven § 9, har hatt tilsvarande auke. Det samla talet på faste arkeologstillingar til å gjennomføre registreringane har likevel ikkje hatt same vekst. Dette har mange fylkeskommunar løyst ved å etablere faste arkeologstillingar som er direkte finansiert frå

arkeologisk registrering. I mange av desse fylkeskommunane må tiltakshavarar i plansaker også betale for synfaringar.

Hordaland fylkeskommune har ikkje faste stillingar med slik finansiering. Behovet for eksterne inntekter legg dermed ikkje føringar på kor mange registreringar ein treng å gjennomføre. Hordaland fylkeskommune har slik fått høve til å etablere ein nøktern, men effektiv praksis for arkeologisk registrering. Slik fylkesrådmannen ser det, er både fylkeskommunen, kommunane og planfremjarar tente med denne praksisen.

Riksantikvaren legg til grunn at det skal brukast ein felles nasjonal mal for gjennomføring og budsjettering av slike tiltak. Fylkesrådmannen ser at fordelen med ein felles nasjonal standard er større enn ulempene, og rår til at ein i hovudsak slutter seg til framlegget.

Tabell 2: Tabell over tal på kulturminneregistreringar, jf. § 9 kulturminneloven, fordelt på fylke.

| Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø - nivå 3 (F) etter region, statistikkvariabel og tid | | | | | | | | |
|--|---|-----------|------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Kostra tal frå SSB | | | | | | | | |
| Fylkeskommune | 6.3B tal arkeologiske registreringar jf KML § 9 i reguleringsplanar | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Østfold | | 26 | 23 | 33 | 29 | 19 | 31 | 40 |
| Akershus | | 92 | 93 | 85 | 108 | 97 | 84 | 76 |
| Oslo | | .. | 61 | 27 | 36 | 25 | .. | 13 |
| Hedmark | | 52 | 63 | 53 | 54 | 55 | 41 | 44 |
| Oppland | | 73 | 88 | 91 | 58 | 80 | 82 | 41 |
| Buskerud | | 139 | 89 | 138 | 78 | 97 | 79 | 69 |
| Vestfold | | 38 | 30 | 28 | 19 | 19 | 28 | 30 |
| Telemark | | 59 | 67 | 66 | 57 | 128 | 59 | 52 |
| Aust-Agder | | 35 | 54 | 64 | 36 | 24 | 22 | 26 |
| Vest-Agder | | 63 | 68 | 86 | 50 | 59 | 43 | 34 |
| Rogaland | | 97 | 185 | 182 | 123 | 124 | 119 | 140 |
| Hordaland | 32 | 40 | .. | 66 | 67 | 56 | 28 | 66 |
| Sogn og Fjordane | | 22 | 24 | 24 | 18 | 26 | 38 | 29 |
| Møre og Romsdal | | 60 | 70 | 50 | 60 | 60 | 105 | 67 |
| Sør-Trøndelag | | 93 | 94 | 74 | 70 | 43 | 50 | 53 |
| Nord-Trøndelag | | 31 | 50 | 80 | 32 | 35 | 28 | 29 |
| Nordland | | 39 | 23 | 22 | 42 | 35 | 27 | 20 |
| Troms | | 31 | 40 | 28 | 46 | 26 | 26 | 25 |
| Finnmark | | 10 | 13 | 4 | 13 | 15 | 14 | 16 |
| | | | | | | | | |

Talet på arealplansaker som har gjenstand for vurdering av undersøkingsplikta har nær dobla seg frå 2006 til 2013. KOSTRA-tal viser likevel at Hordaland fylkeskommune har hatt eit relativt stabilt tal undersøkingar i samband med arealplanar.

Tabell 3: Områdeplanar og reguleringsplanar handsama i kommunane

| J. Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø - nivå 3 (F) etter region, statistikkvariabel og tid | | | | | | | | | |
|---|--|------------|------------|------|------------|------------|------------|------------|------------|
| | | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
| fylkeskommune | | | | | | | | | |
| Østfold | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 157 | 309 | 177 | 3 | 12 | 13 | 16 | 14 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 8 | 12 | 8 | 134 | 115 | 143 | 155 | 198 |
| Akershus | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 451 | 358 | 337 | 2 | 11 | 11 | 12 | 17 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 43 | 67 | 34 | 327 | 261 | 239 | 248 | 302 |
| Oslo | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | .. | 0 | 0 | 0 | 0 | .. | .. | .. |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | .. | 0 | 0 | 0 | 0 | .. | .. | .. |
| Hedmark | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 167 | 162 | 209 | 223 | 4 | 42 | 10 | 5 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 17 | 13 | 6 | 7 | 175 | 105 | 232 | 167 |
| Oppland | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 350 | 331 | 289 | 261 | 18 | 27 | 27 | 14 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 18 | 8 | 9 | 8 | 250 | 278 | 245 | 178 |
| Buskerud | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 334 | 452 | 463 | 198 | 19 | 54 | 19 | 11 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 47 | 47 | 31 | 9 | 272 | 123 | 138 | 228 |
| Vestfold | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 162 | 80 | 103 | 0 | 1 | 5 | 5 | 2 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 7 | 8 | 4 | 128 | 70 | 165 | 162 | 176 |
| Telemark | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 148 | 131 | 194 | 5 | 16 | 5 | 3 | 2 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 5 | 11 | 0 | 56 | 74 | 89 | 84 | 99 |
| Aust-Agder | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 171 | 258 | 220 | 6 | 16 | 7 | 6 | 11 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 16 | 24 | 16 | 235 | 180 | 201 | 92 | 150 |
| Vest-Agder | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 302 | 389 | 167 | 0 | 21 | 12 | 12 | 23 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 48 | 52 | 30 | 7 | 285 | 110 | 110 | 261 |
| Rogaland | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 438 | 445 | 446 | 312 | 725 | 328 | 259 | 207 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 34 | 40 | 29 | 14 | 82 | 128 | 207 | 202 |
| Hordaland | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 278 | 243 | .. | 366 | 5 | 5 | 32 | 29 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 10 | 22 | .. | 14 | 230 | 195 | 387 | 421 |
| Sogn og Fjordane | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 234 | 300 | 128 | 133 | 20 | 59 | 12 | 6 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 20 | 30 | 9 | 6 | 185 | 133 | 67 | 90 |
| Møre og Romsdal | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 521 | 509 | 300 | 596 | 20 | 14 | 16 | 14 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 0 | 0 | 0 | 30 | 492 | 464 | 450 | 458 |
| Sør-Trøndelag | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 290 | 290 | 360 | 0 | 6 | 11 | 9 | 13 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 15 | 36 | 32 | 392 | 382 | 341 | 341 | 260 |
| Nord-Trøndelag | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 151 | 165 | 173 | 0 | 6 | 9 | 8 | 28 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 15 | 19 | 14 | 202 | 145 | 177 | 153 | 139 |
| Nordland | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 152 | 229 | 157 | 1 | 9 | 9 | 13 | 16 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 22 | 26 | 13 | 168 | 103 | 144 | 127 | 141 |

| | | | | | | | | | |
|-----------------|---|-----|----|----|-----|-----|-----|----|-----|
| Troms | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 236 | 94 | 84 | 206 | 5 | 4 | 4 | 8 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 17 | 6 | 15 | 24 | 140 | 151 | 92 | 218 |
| Finnmark | C3b.a Antall behandlede områdeplaner | 124 | 68 | 66 | 58 | 1 | 2 | 85 | 7 |
| | C3c.a Antall behandlede detaljreguleringsplaner | 13 | 5 | 14 | 9 | 71 | 72 | 32 | 85 |

Gjennomgang av retningslinene:

Høyringsforslaget er i tre hovuddeler: Første del går gjennom sakshandsamingsrutinar ved arkeologisk registrering i små og store saker, inkl. marinarkeologiske undersøkingar, presiserer budsjettprosessen (krav til prosjektskildring, prosjektplan og kostnadsoversyn). Andre del tek opp kostnadselementa i budsjetteringa. Tredje del definerer timepris og krav til faktura.

Del 1: Verkeområde

1.3 Arkeologiske registrering på land – små og store saker

Riksantikvaren legg opp til ei deling av prosjekt etter samla tal timar som går med på undersøkinga. Større prosjekt har større kostnader knytt opp til seg og det vert innført krav til utarbeiding av prosjektskildring. Grensa mellom store og små prosjekt er sett på 300 timer (inkl. alle arbeidsoppgåver).

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune har tidlegare ikkje skild mellom store og små prosjekt. Ut over detaljering av budsjett i brev med krav om undersøkingar vert det i liten grad utarbeidd prosjektskildringar. Ein har heller ikkje nytta differensierte timesatsar. Fylkesrådmannen finn at meir detaljerte prosjektskildringar kan vere opplysande informasjon til tiltakshavarar og at det gjer prosessane meir opne og opplyste. Dette kan vege opp for ulempene som framleggelsen inneber gjennom kostnadsauka for større prosjekt. Prosjekt over 300 timer utgjer ein liten del av registreringane i Hordaland, jf tabell:

Arkeologiske registreringsprosjekt i Hordaland med omfang på 300 timer eller meir:

2013 – 9
2012 – 4
2011 – 1
2010 – 6
2009 – 5
2008 – 3
2007 – 2
2006 – 1
2005 – 1
2004 – 1
2003 – 2

2.3 – 2.8 Kostnader

Framleggelsen definerer arbeidsomfang og rutinane for gjennomføring av arkeologiske undersøkingar.

Vurdering:

Presiseringa vil vere informativ og klargjerande for tiltakshavarar. Etter fylkesrådmannen sitt syn har Hordaland fylkeskommune alt ein praksis i tråd med rammene i høyringsforslaget: I samband

med forarbeidet i arealsaker (pt. 2.3) har fylkeskommunen kontakt med planfremjar ved oppstart av planarbeidet der eventuelle granskingar vert varsla. Omfang og kostnadsdekking, jf. §10 i kulturminneloven, vert avtalt på førehand med tiltakshavar og feltarbeid vert tilpassa planprosessane og dei ynskja som planeigar har (pt. 2.4). Resultatet frå ei arkeologisk registrering vert gjort kjent fortløpande og i samråd med tiltakshavar. Det er viktig at arealplanar vert forma med omsyn til evt kulturminne med naudsynte avgrensingane i kart og føresegner. I Hordaland ligg registreringsrapport føre samen med fråsegn til plan frå fylkeskommunen og som vedlegg til faktura. (pt 2.5).

Del 2: Kostnadselement ved budsjettering

Høyringsforslaget går gjennom lønskostnader, indirekte kostnader, driftskostnader og kjøp av tenester.

3. Lønskostnader:

Riksantikvaren presiserer kva som er med i kostnadsgrunnlaget.

Vurdering:

Innhaldet i høyringsforslaget er i tråd med gjeldande praksis i Hordaland fylkeskommune.

4. Indirekte kostnader:

Riksantikvaren set denne til 60 % av brutto lønsutgifter.

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune har tidlegare ikkje hatt praksis for prosentvise påslag, og dekt slike kostnader frå fast timepris. Fylkesrådmannen ser ikkje at dei nye retningslinene vil endre det totale kostnadsbiletet.

5. Driftskostnader:

5.1 Reise, kost og losji: Riksantikvaren viser til «særvtale for reiser innenlands for statens regning», eller tilsvarende for utrekning av dekking av reisekostnader.

Vurdering:

Fylkeskommunalt reglement for arbeids og tenestereiser vert lagt til grunn som før.

5.2. Forbruksmateriell og utstyr:

Riksantikvaren set fast prosentvis kostnadane knytt til forbruksmateriell, denne er i høyringa satt til 10 % for arkeologiske undersøkingar på land og 15 % for dykking. Denne er satt som prosentvis påslag av direkte lønskostnader med sosiale indirekte kostnader.

Vurdering:

Hordaland har i dag ein sats på 2 % for slike kostnader. Her kan retningslinene føre med seg ei auke av totalkostnaden for registrering.

6 Kjøp av tenester:

Riksantikvaren legg til grunn at arkeologiske undersøkingar og må femna om kjøp av andre tenester, td bruk av gravemaskin, naturvitkskaplege analysar og andre konsulenttenestar. Kjøp av tenester slik som gravemaskin er ofte i eit slikt omfang at dei kjem inn under «lov om offentlige anskaffelser»

Vurdering:

Dei største kostnadene er knytt til maskintenester (gravemaskin). Kjøp av slike tenester vert i dag gjort i tråd med gjeldande regelverk.

6.2 Naturvitenskaplege analyser:

Riksantikvaren set føringar på bruk og omfang av slike analysar.

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune har i liten grad nytta seg av andre naturvitenskaplege tenester enn enkel datering og analyse av treart, og har forståing for at bruken av kostnadsdrivande analyser vert stramma inn. Riksantikvaren møter likevel det fylkeskommunane med stramme krav til fagleg dokumentasjon og tidfesting av funnområde i arealplansaker. Fylkesrådmannen legg til grunn at det må vera faglege vurderingar i fylkeskommunane som definerer val av effektive metode og omfang i kvar einskild sak.

6.3 Andre konsulenttenester:

Riksantikvaren viser til at det kan brukast konsulent for å utføre arkeologifagleg arbeid - arbeid kulturminnemyndet normalt ville gjort sjølv. Riksantikvaren presiserer at det likevel er kulturminnemyndet som er både fagleg og juridisk ansvarleg for arkeologisk registreringar og skal kvalitetssikre desse.

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune erfarer ikkje at problemstillinga er aktuell for i Hordaland. Det er svært få fagleg kvalifiserte tilbydarar på marknaden. Når det ansvaret ligg på fylkeskommunen vil det ekstra arbeidet med ei slik ordning etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje svare seg ut i frå tilgjengelege ressursar.

Del 3: Budsjett, rekneskap, betaling og fristar

7. Arkeologisk registreringar på land – budsjett, rekneskap og faktura små saker.

7.1. Budsjett ved arkeologiske registreringar på land, i små saker:

Riksantikvaren legg opp til ein felles nasjonal timesats inkl. løn, sosiale utgifter, indirekte kostnader, utstyr, kost og losji. Følgjande timepris skal nyttast:

- Før- og etterarbeid, feltarbeid utan overnatting: **690,-**
- Feltarbeid med overnatting: **940,-**

Timesatsen skal justerast i samsvar med årleg lønsvekst.

Vurdering:

Fastsetting av timesats har økonomiske konsekvensar for fylkeskommunane. Det kan reisast spørsmål om direktoratet i detalj bør styre økonomien i ein fylkeskommune uavhengig av dei regionale særtrekka. Fylkesrådmannen vurderer det likevel slik at felles timepris for heile landet er fornuftig samordning av denne myndesutøvinga. Det er viktig at årleg justering følgjer den generelle kostnadsauken.

Hordaland fylkeskommune har i dag ein fast timepris på 700,- . Dette dekker alt fleire av dei same faktorane som i Riksantikvaren har i sitt oppsett. Fylkeskommunen har ikkje hatt kost og losji med i timeprisen, men vist dette som eigen post.

7.2 Rekneskap og faktura ved arkeologiske registreringar på land i små saker:

Riksantikvaren viser til at i små saker skal faktura ha same timepris som vart sett opp i budsjett. Det kan berre fakturerast for reelt nytta tid i høve dei krava Riksantikvaren listar opp.

Vurdering:

Dette er i tråd med gjeldande praksis i Hordaland.

8 Arkeologiske registreringar på land – budsjett, rekneskap og faktura i store saker.

8.1 Budsjett i store saker:

Riksantikvaren viser til at i desse sakene skal det kostnadsrekna med høgaste aktuelle lønsnivå i budsjettet. Ved endeleg faktura og oppgjer skal dei reelle lønskostnadane leggast til grunn ut i frå faktisk timekostnad til dei som har utført arbeidet, her skal også driftskostnadane synleggjera (Riksantikvaren sin budsjettmal).

Vurdering:

Det kan stillast spørsmål om ein ikkje bør ha sams praksis med faktura i store og små saker og at endeleg oppgjer vert sett til reell lønskostnad. Hordaland fylkeskommune har erfaringsvis få prosjekt som då strekkjer seg over 300 timer, men ser at krav til forarbeid og dokumentasjon vil auke tidsbruken i sakene.

8.2 Rekneskap og faktura i store saker:

Riksantikvaren viser til at i store undersøkingar (+ 300 timer) skal faktura ha oppgjeve eit reelt lønsnivå og reelle utgifter knytt til undersøkinga.

Vurdering:

Fylkesrådmannen finn at krav til kostnadsdekking ut i frå reelle kostnader er eit godt prinsipp og bør også brukast på små saker.

9 Arkeologisk registrering under vann – budsjett, rekneskap og faktura.

Denne bolken er ikkje aktuell for Hordaland fylkeskommune då marinarkeologiske undersøkingar er administrert av Bergen sjøfartsmuseum.

10 Betaling:

Riksantikvaren legg til grunn at fylkeskommunane no kan krevje inn eit A-konto beløp/ forskotsbetaling eller bankgaranti frå tiltakshavarar før dei arkeologiske registreringane vert gjort.

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune har etablert gode rutinar for budsjett, krav til aksept av kostnader. Problemet med manglande betaling av faktura er lite. Fylkesrådmannen ser at administrasjon av forskotsinnbetaling og avrekning vil kunne verka kompliserande og meir arbeidskrevjande.